

Hordaland fylkeskommune
v/Planavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen 15.10.2015

Fråsegn til regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Vi viser til høyringsbrev 23.06.2015 om offentlig ettersyn av regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATPB). Vi har fått utsett høyringsfrist til 15.10.2015.

Vi viser til vårt innspel til planprogrammet for RATPB 12.04.2013. Vi tok også del med innspel under arbeidsverkstad om landskap, naturmiljø, kulturmiljø, landbruk og friluftsliv i samband med RATPB, 22.08.2014, Hotell Grand Terminus. Vi viser også til oppfølgjande skriftleg innspel til Hordaland fylkeskommune med oppfølgjande punkt gjeldande arbeidsverkstaden 03.10.2014. Vi er positive og glad for at «landskap, naturmiljø, kulturmiljø, landbruk og friluftsliv» er eit eige tema i planarbeidet.

I avsnittet "Konklusjon" kjem vi med konkrete innspel og forslag til retningslinjer i RATPB.

Bakgrunn

I planforslaget dekkjer Bergensområdet kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. Planen er tenkt å gjelda for planperioden 2016-2027, men det vert presisert at fylket ser utviklinga i eit langsiktig perspektiv.

Planen er delt inn i fem deltema:


1. Senterstruktur og utbyggingsmønster
2. Regionalt transportsystem
3. Boligområder
4. Næringsareal og arbeidsplassar
5. Natur, kulturmiljø og landskap

Verknaden til planen er at den skal leggjast til grunn for regionale organ, kommunal og statleg planlegging i Hordaland.

Drøfting

Projeksjonar syner at folkesetnaden innanfor Bergensområdet vil auke i tida framover.¹ Folkeveksten vil også krevje areal til bustadbygging. Store infrastrukturprosjekt og behov for areal til næringsutvikling er også forventa. I planutkastet vert det skrive: "Veksten som er venta i Bergensområdet vil skape auka press på å omdisponere grønne areal og kulturmiljø. Ulike utbyggingsalternativ vil utfordre viktige arealverdier på ulike måtar". Vi har tru på at desse utfordringane kan løysast samstundes som vi kan ta omsyn til friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. Difor ønskjer vi ein regional plan der vi kan styrka dei blågrøne interessene i lag med framtidretta løysingar for transport, bustadutbygging og næringsutvikling. Dette føreset at regional plan kan leggja til grunn retningslinjer som bidreg til å gje god balanse mellom ulike former for arealbehov. Fylkeskommunen må difor nytta det potensialet som ligg i regionale planar etter plan- og

¹ "Hordaland i tal: folketal og demografi" (Hordaland fylkeskommune, AUD, nr. 1 2015):http://www.hordaland.no/PageFiles/62238/Hordaland%20i%20tal_Nr1-2015_web_endelig.pdf



bygningsslova fullt ut. Til dømes skriv ein i regional plan for attraktive senter 2015-2026, s. 5, "Ein regional plan skal verke samlande ved å ta tak i viktige utviklingsoppgåver og setje opp felles mål. Gjennom regional plan kan ein utdype og tilpasse nasjonale føringar til ein regional kontekst". Difor er det viktig med eit godt samspel mellom regional plan og kommunal planlegging, og ikkje minst regionale retningslinjer som verkar samlande om ein felles arealstrategi for Bergensområdet. Ei berekraftig utvikling føreset også at ein også tek omsyn til medfølgjande arealeffektar knytta til vekstsoner – td. behovet for energiinfrastruktur, energiløysingar, luftkvalitet, VA og vasskvalitet.

Merknader til deltema "Natur, kulturmiljø og landskap"

Målet for dette deltemaet er: "Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv, og legge særskilt til rette for aktiv og berekraftig bruk av kulturmiljø, natur og friluftsområde".

Vi føreslår at temaområde 5 får namnet: «Landskap, natur, **friluftsliv** og kulturmiljø». Friluftsliv er ein sentral del av avsnittet handsama under deltema 5 i planforslaget. Friluftsliv utgjer også eit eige resultatområde i norsk miljøpolitikk.

Vi registrerer at 16 kommunar i Hordaland allereie er i gong med prosjekt kor føremålet er å kartleggje friluftslivverdiane. Ti av tolv kommunar som går under nemninga «Bergensområdet» er allereie i gong med prosjekt der dei følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar M-98², dette bør framgå i planteksten til RATPB. Planen bør og kome med ei klar forventning til at dette kartleggingsarbeidet vert lagt til grunn i arealplanlegginga i kommunane. Regjeringa har som målsetjing at alle kommunar skal ha kartlagt og verdisatt sine friluftslivområder innan 2018.³ Regjeringa uttrykkjer at føremålet med prosjektet er å unngå at viktig friluftslivområder vert bygd ned, eller redusert på annan måte, grunna mangel på kunnskap. Miljødirektoratet framhever at kartleggingsarbeidet også skal «bidra til å oppnå det nasjonale målet om å sikre befolkningen mulighet til å drive et variert friluftsliv både i nærmiljøet og naturen for øvrig».⁴ Det vil difor vera viktig å synleggjera dette i regional plan ved at det klart går fram av tematittelen for avsnittet.

Vinteren 2016 vil Klima- og miljødepartementet etter planen leggja fram ei eiga stortingsmelding om friluftsliv.⁵ Regjeringa har vedtatt 26 nasjonale miljømål for mellom anna friluftsliv, naturmangfald, kulturminner og kulturmiljø. Dei nasjonale miljømåla for friluftsliv er:⁶

- *Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles*
- *Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på*
- *Allemannsretten skal haldast i hevd*


² Sjø Miljødirektoratet (rettleiar for kartlegging og verdisetting av friluftsliv, M-98 (2013)): <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Mai-20141/Kartlegging-og-verdsetting-av-friluftslivsomrader/>

³ Sjø framlegg til budsjettforslag frå Klima- og miljødepartementet i Prop. 1S (2015-2016), s. 69.

⁴ Miljødirektoratet sin omtale av føremålet med metoden som er skissert i rettleiar M-98.

⁵ Sjø Prop. 1S (2015-2016) frå Klima- og miljødepartementet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/b1c5528c65f541608b585a1c2813e472/nn-no/pdfs/prp201520160001kldddpdfs.pdf>

⁶ Ibid.



Norsk miljøpolitikk er delt inn i seks resultatområder. Friluftsliv utgjør eit eige resultatsområde. Miljødirektoratet har utvikla tilstandsindikatorar for kvar av dei nasjonale målsetjingane for friluftslivet. Rapporteringa under friluftsliv syner at det er store skilnader i tilgang på nærturterreng: «Undersøkingane viser at tilgangen til trygt og tilgjengeleg leike- og rekreasjonsareal varierer med storleiken på tettstadene og er lågast i dei store byane og tettstadene. Seks av ti i små tettstader mot fem av ti i større tettstader har trygg tilgang til rekreasjonsareal. For nærturterreng er skilnadene større. Meir enn sju av ti i dei minste tettstadene og berre fire av ti i dei største byane har tilgang til nærturterreng. Minst tilgang til nærturterreng har busette i store boligbygg, der berre tre av ti har tilgang til slike område».⁷

RATPB må difor ha klare retningslinjer og strategiar som kan byggja opp under dei nasjonale målsetjingane, og sikra at ein kan innfri dei nasjonale miljømåla for friluftslivet.

Når det gjeld temakartet som er trykt som figur 40 (s.77 i planen) byggjer dette på «Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland» (Prosjektrapport 2008, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland). I prosjektrapporten vart det presisert: «Det er viktig å ha klart for seg at dette prosjektet er eit pionerarbeid. Vi har utprøvd og tilpassa ein metodikk som i utgangspunktet er laga for mindre einingar og kommunalt nivå. Vi har forenkla metoden for å tilpasse denne til eit overordna geografisk nivå. Resultatet er blitt ei grovmaske kartlegging som kan vise seg å vere unyansert og utilstrekkeleg når ein arbeider med mindre geografiske einingar i ein kommune. Målet er at materialet skal kunne forbeholdt og utviklast vidare i samspel med kommunane for å få skaffa til veie eit best mogleg kunnskapstilfang om friluftsområde som grunnlag for forvaltning og planlegging». Kommunane vart oppmoda om å gjera ein innsats for å kvalitetssikre informasjon om friluftslivsområder lokalt og regionalt. Dei vart også oppmoda om å innarbeide kunnskap om friluftslivsområder i kommunale arealplanar.

I den regionale planstrategien for Hordaland fylkeskommune er det estimert oppstart av ein eigen plan for «landskap, grønstruktur og friluftslivsområde» mot slutten av planperioden 2014/2015.⁸ Ein slik plan vil vera ei viktig utgreiing og kunnskapsgrunnlag for dei føreslåtte retningslinjene i RATPB. Vi vil her visa til målsetjingane som går fram i grunngevinga for plan for grøn struktur i den regionale planstrategien 2012-2016:


«Landskapsverdiane og regionale friluftsområde er kartlagt på eit overordna nivå for heile fylket. Desse kartleggingane treng å sjåast i samheng med andre verdiar knytt til landskapet for å kunne utforma ein heilskapleg politikk for både å verna om dei viktigaste områda, målretta bruk av verkemiddel inn mot dei langsiktig prioriterte områda og for å opne for annan bruk eller fleirbruk der det høver. Den regionale grøntstrukturen inneheld viktige område for friluftsliv, biologisk mangfald og naturmiljø og er uavhengig av kommunegrensar. Ei bit-for-bit-utbygging i eit fylke med stor vekst vil kunne smuldra opp verdiane. Fylkeskommunen og fylkesmannen har alt utforma ein rettleiar for landskap i kommunal plan. Det går fram av denne at viktige kulturmiljø, kjerneområde for landbruk og prioriterte naturmangfaldsområde vil måtte inngå i slike heilskapsvurderingar».

⁷ Sjå rapportering under dei nasjonale miljømåla (kjelde: Miljødirektoratet):

<http://www.miljostatus.no/miljomal/>

⁸ Sjå regional planstrategi for Hordaland 2012-2016, vedtatt av fylkestinget 12.12.2012:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regional-planlegging/Regional-planstrategi-under-arbeid/Regional-planstrategi-vedteke-i-fylkestinget/>



I denne grunngjevinga går det fram at Fylkeskommunen i samråd med Fylkesmannen har utforma ein rettleiar for å hindra ei bit-for-bit-utbygging av landskapet. Det vil også vera svært viktig at fylkesutvalet sikrar at kunnskapsgrunnlaget for kartlegging og verdsetting av friluftslivområder på kommunalt nivå får tilstrekkeleg statleg støtte gjennom dei komande statsbudsjetta, slik at Hordaland fylke har ei komplett kartlegging på kommunalt nivå å visa til innan utgangen av 2018. I den samanheng ønskjer vi å visa til «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» punkt 4.7.⁹ Dette punktet legg til grunn at ein skal omsyn til «overordnet grønn struktur». Nytt fylkesutval vil ta stilling til ny planstrategi. Vi oppmodar nytt fylkesutval om å vidareføre målsetjinga om å laga ein regional plan for landskap, grønnstruktur og friluftslivområde. Eit planprogram for regional plan for transportplanlegging er ute til høyring (frist 27.11.2015). For å kobla saman RATPB, transportplanlegging i fylket, klimaplan, senterstrukturplan og for å kunne gjera dei nødvendige framtidige avvegingane er ein avhengig av å få på plass ein regional plan for landskap, grønnstruktur og friluftslivområder.

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vert dette presisert:
«Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdier av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene».

Ei god forvaltning av landskap, grønnstruktur og friluftslivområder er også av økonomisk verdi for reiselivsnæringa og god næringspolitikk for fylket. Turistundersøkelse 2013 og 2014, gjennomført av Innovasjon Norge i samarbeid med Statistisk sentralbyrå, vert reisevaner til både innanlandske og utanlandske turistar undersøkt. På grunnlag av turistundersøkelsen 2013 vert det estimert at turistane har eit forbruk på om lag 25 milliardar NOK . På Vestlandet er dette estimert til å utgjera 4.380 mill. kr. i ferie og 1.280 mill. kr. i forretning (estimat 2013).¹⁰ I turistundersøkelsen er estimata brote ned på sesongar, og det vert estimert at norske turistar har eit forbruk på 10,6 milliardar NOK i sommarsesongen og utanlandske turistar har eit totalforbruk på 6 milliardar NOK i sommarsesongen (estimat 2014).¹¹ Undersøkingane viser at fleire ønskjer å ta del i aktivitetar i naturen, og få oppleva fjell og fjordar, når dei er på ferie. Turistundersøkelsen 2013 viser at om lag 75% av dei utanlandske turistane ønskjer å oppleva norsk natur. Om lag 64% ønskjer å besøke fjordar og fjell, og 63 % ønskjer å vitja historiske bygningar og stader. I samband med turistundersøkelsen 2014 uttaler Innovasjon Noreg: «Også de utenlandske turistene har et økt aktivitetsnivå sammenlignet med i fjor. I 2014 planlegger flere av turistene aktiviteter i naturen sammenlignet med 2013. De utenlandske turistene vil også i økende grad oppleve fjellene, fjordene og gå på turer. -Vi har lenge jobbet med å

⁹ Sjå «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging», fastsatt ved kgl. res. av 26.09 2014, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008, § 6-2 (erstatte retningslinje T5/93):


<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging/id2001539/>

¹⁰ Sjå turistundersøkelsen 2013:

<http://innovasjon norge.no/Global/Reiseliv/Turistunders%C3%B8kelsen%20sommeren%202013%20-%20Rapport%20-%202412014.pdf>

¹¹ Sjå turistundersøkelsen 2014:

<http://innovasjon norge.no/Global/Reiseliv/Turistunders%C3%B8kelsen%20%20Oppsummering%20av%202014%20%20Hovedrapport%20-%2011062015.pdf>



markedsføre Norge som et land med flott natur med gode aktivitetsmuligheter. Dette kan vitne om at vi har lykkes med dette, sier Tuftin».¹²

Merknader til deltema fortetting, bustadområder og grøntstruktur

Vi er svært positive til at Hordaland fylkeskommune har utvikla ein areal- og transportplan som inkluderer temaet landskap, natur, friluftsliv og kulturmiljø. Satsinga på ei berekraftig regional utvikling med retningslinjer som tek omsyn til landskap, natur, friluftsliv og kulturmiljø vil vera i tråd med regional klima- og energiplan 2014-2030. I den samanheng er det viktig at ein legg opp til ei transportplanlegging som er i tråd med EFTA-domstolen si avgjerd 02.10.2015 i sak E-7/15 gjeldande direktiv 2008/50/EF om luftkvalitet.¹³ Dommen er eit viktig signal om å ta eit felles ansvar for å utvikla miljøvennlige byar. Å sikra god luftkvalitet er eitt av fleire viktige folkehelseiltak. Samstundes er viktig å sikra gjennom retningslinjer i planen at ein får ei fortettings- og infrastrukturplanlegging som sikrar at folkesetnaden i senterknutepunkta har tilstrekkeleg tilgong på areal til nærfriluftsliv og at ein ivaretek viktige grønne lunger i senterutviklinga.

Dette er omsyn som vert omtalt i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (ss. 21-22):

«Fysisk aktivitet kan førebyggje, utsetje eller lindre fleire kroniske sjukdommar. Gjennom planlegginga kan ein leggje gode rammer for ein sunnare livsstil med auka aktivitet for alle innbyggjargrupper. Kommunane kan bidra til auka fysisk aktivitet gjennom å gjere det mogleg for innbyggjarane å sykle og gå meir i dagleglivet, og ved å sikre god tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv for både barn, unge og vaksne. Desse områda bør vere tilgjengelege utan bruk av bil. Arbeidet med å leggje til rette for fysisk aktivitet bør skje i samarbeid mellom kommunane, grunneigarane og idretts- og friluftslivsorganisasjonane. Barn og unge har rett til å delta i og påverke planarbeidet, og dei kan gi viktige innspel om eige oppvekstmiljø. Sidan veksten i byar og tettstader i stor grad vil skje gjennom transformasjon og fortetting, er det særleg viktig å ta vare på naturverdiane og moglegheitene for friluftsliv i nærmiljøet. Det er også viktig at utbygginga ikkje gjer dei aktuelle områda meir sårbare for naturhendingar og klimaendringar. Samanhengande grøntstruktur og opne vassvegar i og rundt norske byar og tettstader bidreg til naturmangfald, opplevingar, kunnskap og livskvalitet, og kan dempe effektane av klimaendringar. Universell utforming skal leggast til grunn i planlegginga for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle, og for å hindre diskriminering av enkelte grupper. Regjeringa støttar kunnskapsutvikling gjennom midlar til forskning, områdeprogram og ulike pilot- og forbildeprosjekt for by- og tettstadsområde. Plansatsinga som er retta mot dei fire største byområda, skal bidra til framtidretta byplanlegging, betre bymiljø og auka bustadbygging i storbyområda. Gjennom Husbanken og storbytilskotet blir det også gitt støtte til områderetta fysiske og sosiale tiltak».


Vi ønskjer at den regionale planen skal vera meir konkret i utforminga av sine retningslinjer i høve omsyn til å sikra nærfriluftslivområder i fylket både innanfor og utanfor vekstsonene. Friluftsliv blir stadig viktigare for folk flest, dette viser både nasjonale og regionale undersøkingar. I ei undersøking frå TNS Gallup¹⁴ i fjor svarte heile 89 % at dei er "svært interessert" eller "ganske interessert" i

¹² Sjå Innovasjon Norge si pressemelding i samband med turistundersøkelsen 2014:

<http://www.innovasjon Norge.no/no/Reiseliv/Nyheter/godt-turistar-i-2014--tror-pa-videre-vekst-i-2015/#.VhTUSisWaa0>

¹³ Bergen høyrer til luftkvalitetssone NO2, jf. artikkel 4 i luftkvalitetsdirektivet 2008/50/EF.

¹⁴ Natur og miljøbarometeret 2014, Nordmenns holdninger og atferd i natur- og miljøvernsspørsmål, TSN Gallup



friluftsliv. Hordaland fylkeskommune si kulturundersøking i samband med den regionale kulturplanen¹⁵ viser at nettopp friluftsliv er det området på kulturfeltet som flest Hordalendingar er interessert i. Ei undersøking av Respons Analyse frå 2014¹⁶ presentert på Bergenskonferansen i år viser at tettleik til friluftsområde er rangert som nr 2 på spørsmål om kva folk syns er viktig å ha nær eigen bustad.

Klimatilpassing

Planforslaget nemner ikkje klimatilpassing som eit eige moment. Dette temaet har vorte handsama i eit eige kapittel i regional plan for klima 2014-2020, jf. kap 7 i denne. Likevel er det på sin plass å ta med overordna retningslinjer på regionalt nivå i ein areal- og transportplan gjeldande klimatilpassing. Ei vidare presisering av dette temaet vil vera føremålstenleg for å harmonisera dei regionale planane. Vi vil her visa til regional plan for klima 2014-2020, avsnitt 7.4 «Strategiar for tilpassing til klimaendringar», punkt 1 under strategi A «Heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging»: «*Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar*». Areal- og transportplanlegging er etter vårt syn ein plan som oppfyller vilkåret i avsnitt 7.4, strategi A, punkt 1.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging har fokus på klimatilpassing. Det går fram av desse at Regjeringa er i ferd med å laga ei eiga statleg planretningslinje for klimatilpassing. Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging skriv om behovet for omsyn til klimatilpassing: «*Fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns og arealplanlegginga og byggjesaksbehandlinga si. Kommunane sikrar at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar, som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Ein tek særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar*».


I NOU 2010:10 «Tilpassing til eit klima i endring: Samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringanesar» vert det påpeikt at plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å gjennomføra klimatilpassingar på reigonalt og lokalt nivå.¹⁷ Fylkeskommunen har her eit viktig ansvar for å sikra at desse omsyna vert ivaretatt i fylket. Difor er det naturleg at RATPB tek omsyn til dette temaet i høve fortettings- og infrastrukturplanlegging.

I dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging uttaler Regjeringa: «*Det er viktig at kommunane og fylkeskommunane har kunnskap om kva dei ulike økosystema har å seie for klimatilpassing. Natur som våtmarker, myrar, elvebreidder og skog kan dempe effektane av klimaendringar og er viktig å ta vare på i arealplanlegginga*». Det er difor viktig at det både regionalt og kommunalt har eit oppdatert kunnskapsgrunnlag gjeldande naturtypar og jordressursar som er viktige karbonlager. I tillegg er det viktig at dette kunnskapsgrunnlaget vert nytta aktivt i arealplanlegginga. I klimaplan 2014-2020 for Hordaland er det i avsnitt 5.3 «Strategiart for arealbruk og transport», «Retningslinjer for planlegging», punkt 5 tatt med: «*Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar*». Vi føreslår at det i regional areal- og transportplan vert tatt med retningslinje for å styrka kartlegging og kunnskapsgrunnlaget om

¹⁵ Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013, Kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024, Hordaland fylkeskommune

¹⁶ Sjå: <http://bergen-chamber.no/visageimages/2015Januar/Resultater%20Respons%20Analyse.pdf>

¹⁷ Sjå NOU 2010:10: <https://www.regjeringen.no/contentassets/01c4638b3f3e4573929f3b375f4731e0/nn-no/pdfs/nou201020100010000dddpdfs.pdf>



naturtypar og jordressursar som er viktige som karbonlager, og at dette vert gjennomført ein styrka innsats i arealplanlegginga i fylket for å auka kunnskapsnivået. Dette vil vera ei relevant retningslinje å gje uttrykk for i regional plan.

Konklusjon

A) Vi oppmodar dei politiske partia i nytt fylkesutval om å vidareføre målsetjinga om å laga ein regional plan for landskap, grønstruktur og friluftslivområde når dei skal utforme ny planstrategi. Planen vil vera avgjerande for å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag på plass på regionalt nivå, og er ein plan som er ei viktig brikke i høve til dei andre regionale planane og planprogram som no er ute på høyring.

B) I planteksten under avsnitt 6.3.6 må det gå fram at Hordaland fylkeskommune har som målsetjing at alle kommunar i fylket skal ha kartlagt viktige friluftslivområder innan 2018. Det må også gå fram at Hordaland fylkeskommune vil vera ein viktig pådrivar og støttespelar for kommunane i dette arbeidet, sidan det er fylket som kan utløyse midlane som er satt av til dette føremålet i statsbudsjettet. Dette kunnskapsgrunnlaget på kommunalt nivå vil vera ei viktig kjelde for ein "Regional plan for landskap, grønstruktur og friluftslivområde", som vart varsla i regional planstrategi 2012-2016. Det vil vera relevant at denne målsetjinga kjem til uttrykk i regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

C) Innspel til retningslinjer i regional areal- og transportplan for Bergensområdet:

Retningslinjene under avsnitt 6.4 må i tillegg gjelda for kommunal planlegging etter avsnitt 5.4 næringsareal, og transportplanlegging (infrastrukturplanlegging). Vi føreslår at dette kjem tydeleg fram i plantekst, og at det vert tydeleggjort at retningslinjene her femner om alle sider ved planen.

1. Avsnitt 2.4 «Retningslinjer for areal» punkt 4

Forslag til ny ordlyd: *I dei regionale vekstsonene skal ein søka ein god balanse mellom behovet for utbygging og omsynet til naturmangfald, landskap, landbruk og friluftsliv. Det bør takast omsyn til følgjande prinsipp:*

- a. *Utbygginga er planlagt med høg utnyttingsgrad*
- b. *Potensialet for fortetting og transformasjon er kartlagt og planlagt utnytta*
- c. *Omsynet til arealverdiar påverkar rekkjefølgje av utbygging*
- d. *Behov for utbygging er dokumentert*
- e. *Utbygginga tek omsyn til klimatilpassing*


2. Avsnitt 3.4 «Retningslinjer» under «Retningslinjer for arealbruk»

Forslag til at det vert lagt til eit punkt:

Transportplanlegging er omfatta av retningslinjer i kapittel 6.4.

3. Forslag til nytt punkt under retningslinje 20, avsnitt 3.4

Fleire av vegprosjekta (Nyborgtunnelen, Sotrasambandet, E39 Svegatjørn-Rådal) beskrevet i planen vil betre tilgjengelegheita for bil til Bergen frå regionane rundt. I følgje Transportøkonomisk institutt



vil utbygging av vegkapasitet bidra til ei netto auke i trafikk, m.a. fordi fleire velgjer bil framfor kollektiv, gang og sykkel når køar og forseinkingar går ned. RATPB har målsetning om at auke i transportsektoren i all hovudsak skal tas ved kollektiv, sykkel og gange. Denne målsettinga bør kome betre fram i retningslinjene for statleg, fylkeskommunal og kommunal transportplanlegging. Trafikkauke som følgjer av auka vegkapasitet kan avgrensast m.a. med restriksjonar i personbiltrafikken, og vi foreslår nytt punkt e) i retningslinje 20:

20. Ved utbygging av ny veginfrastruktur bør følgjande prinsipp bli vektlagt:

- a) Vegutbetring og kollektivprioritering på viktige kollektivaksar
- b) Reduksjon av sårbarheit og auka trafikktryggleik
- c) Minimere bruk av areal til veg- og terminalfunksjonar i sentrumsområde
- d) God framkome for nærings- og nyttetransporten
- e) *Ny veginfrastruktur skal ikkje føre til auke i personbiltrafikk*

4. Forslag til nytt underavsnitt gjeldande «medverknad» under 6.4

Dei andre retningslinjeavsnitta 3.4 (punkt 11) , 4.4 (punkt 22) og 5.4 (punkt 31) har alle retningslinjer for medverknad. Sjølv om medverknad er ein grunnleggjande føresetnad i plan- og bygningslova, er det flott at dette vert understreka i dei regionale retningslinjene. For å harmonisera systematikken i RATPB foreslår vi ei eiga retningslinje gjeldande medverknad i avsnitt 6.4. Det er naturleg at retningslinja nyttar «skal» i staden for «bør» - sidan dette er ein lovfesta plikt som ansvarleg myndigheit på kommunalt nivå skal leggja til rette for.

Vi foreslår følgjande ordlyd:

*Kommunal planlegging som råkar naturmangfald, landskap, kulturmiljø og friluftslivområder **skal** leggja til rette for medverknad frå relevante interessegrupper.*

5. Avsnitt 5.4 «Retningslinjer». Vi foreslår ny ordlyd i punkt nr. 30:

Kommunen bør kategorisere arealreserven og nye aktuelle næringsareal i kommunen og vurdere kor eigna dei er for ulike typar verksemdar. Nytt areal for arealkrevjande verksemd krev arealutgreiing i samsvar med tema i denne planen. Oppdatert og best tilgjengelege kunnskap skal leggjast til grunn i høve alle deltema som er handsama i denne planen. Analysen bør og vurdere om areala har særskilte kvalitetar, som mogelegheit for djupvasskai, regional hamn og nærleik til jernbane og flyplass

6. Avsnitt 5.4 «Retningslinjer» og underavsnitt «Retningslinjer for areal» punkt 34.


Vi foreslår eit nytt punkt d:

d) Arealkrevjande verksemd er omfatta av retningslinjer i kapittel 6.4.

7. Avsnitt 6.4 punkt 35, s. 72

Vi foreslår at «naturtypar» vert lagt til, for å synleggjera behovet for å ivareta habitat og økologiske funksjonar.

I andre setning foreslår vi at «bør» vert erstatta av «skal» slik at planlegginga kan bidra til å oppfylla dei nasjonale miljømåla:



Kommunane **skal** i størst mogleg grad ha ei oppdatert kartlegging av naturmangfald, **naturtypar**, funksjonell strandsone og landskap, kulturminne, landbruk og friluftsområde av lokal, regional og nasjonal verdi. Tilgjenge til friluftsområde **skal** inngå i kartlegginga.

8. Forslag til ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for kartlegging og analyse»

For «viktige friluftslivområde» meiner vi at det må gå fram at Hordaland fylkeskommune vil bidra oppfølging og støtte til kommunane slik at desse vert kartlagt innan 2018 – dette er målsetjinga til Regjeringa, og gjeld nasjonalt. Stortinget har gjeve støtte til denne målsetjinga gjennom statsbudsjettet dei siste to åra. Dette bør også gå fram av handlingsprogrammet for planen. Ei gjennomføring av kartleggingsarbeidet i fylket vil kunne bidra til å oppfylla nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging på dette området; td. i høve «samverknader». Forslag til ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for kartlegging og analyse»:

Hordaland fylkeskommune har som målsetjing at alle kommunar i Bergensområdet skal ha kartlagt og verdisatt viktige friluftslivområder innan 2018. Kunnskapsgrunnlaget skal leggjast til grunn for fortettings-, nærings- og infrastrukturplanlegginga innanfor Bergensområdet. Ei samla kartlegging på kommunalt nivå innan 2018 vil vera viktig for å kunna seia noko om samverknader i høve viktige friluftslivområder.

9. Forslag til ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for kartlegging og analyse»

I samsvar med klimaplan 2014-2020 for Hordaland meiner vi at jordressursar som er viktig karbonlager særskilt må kartleggjast i samband med fortettings- og infrastrukturprosjekt. For å unngå ei bit-for-bit-nedbygging av jordressursar som er viktige karbonlager, så bør dette synleggjerast i RATPB med utgreiingskrav. Forslag til ordlyd i ny retningslinje:

Fortetting-, nærings- og infrastrukturplanlegging må føregå med omsyn til naturtypar og jordressursar som er viktige karbonlager. Kartlegging- og kunnskapsgrunnlaget knytta til naturtypar og jordressursar som er viktige karbonlager må styrkast for å ivareta dette omsynet. Til dømes må ein ta omsyn til myr og våtmarksområder, og unngå inngrep som reduserer omfanget av jordressursar som er viktige karbonlager.

10. Forslag til endring av ordlyd i retningslinje 38 under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for forvaltning av verneverdiar i regionale vekstsoner».


Vi føreslår at retningslinje 38 under avsnitt 6.4 vert presisert. Kommunalt nivå må i høve desse verdiane følgja nasjonale mål for forvaltning av desse verdiane. Det er difor uklart kva som ligg i omgrepet «avbøtande tiltak». I mange tilfeller vil planar som kjem i konflikt med desse verdiane utløyse eit krav om konsekvensutgreiing i kommunal planlegging.

11. Forslag til endring av ordlyd i retningslinje 42 under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for forvaltning av verneverdiar i regionale vekstsoner»

For å sikra nasjonalt miljømål: «Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles», føreslår vi at «bør» vert erstatta med «skal» i punkt 42 i planforslaget:

*42. Friluftsområde **skal** integrerast og inkluderast som ein kvalitet i utbyggingsplanar. Bustadområde **skal** ha god tilgang til nærfriluftsområde (grøntareal, parkar) med sykkel eller til fots.*

12. Forslag til ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4 «Retningslinjer for kartlegging og analyse»



Det bør stillast konkrete utgreiingskrav i høve kapitalisert verditap i samband med områder som har tyding for reiselivsbasert turisme:

Større fortettings-, nærings- og infrastrukturprosjekt som kjem i konflikt med viktige natur-, kultur-, landskaps- og friluftslivsområder som har tyding for reiselivsbasert turisme krev utgreiing. Det må gjennomførast utgreiing som estimerer kapitalisert verditap.

13. Forslag til nytt retningslinjeavsnitt «Retningslinjer som gjeld for verneverdiar i regionale vekstsoner og utanfor vekstsonene» og ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4

Vassdragsvern skjer etter vedtak i Stortinget. For regionale planar skal «Rikspolitisk retningslinje for vernede vassdrag» leggjast til grunn. Vi vurderer det slik at retningslinjene slik dei føreligg i planutkastet ikkje dekkjer omsynet til verna vassdrag, då det ikkje er tatt høgde for verneverdiar som følgjer av plenarvedtak i Stortinget. Vi føreslår følgjande ordlyd med framlegg om eit nytt avsnitt under 6.4: «Retningslinjer som gjeld for regionale vekstsoner og utanfor vekstsonene»:

Fortettings-, nærings- og infrastrukturplanlegging må føregå med omsyn til verna vassdrag. Verdien til verna vassdrag må særskilt ivaretakast. Rikspolitisk retningslinje må leggjast til grunn, og ein må unngå å gjennomføra inngrep som reduserer verneverdiane i verna vassdrag.

14. Forslag til endring i retningslinjene

I avsnitt 6.3.6 vert det uttalt at «Det er difor trong for å setje langsiktige byggjegranser og synleggjere landskapsøkologiske korridorar i Bergensområdet».

Forslag til ordlyd i retningslinjene som speglar dette føremålet:

Gjennom kommunal planlegging skal det i vekstsonene setjast langsiktige byggjegranser (td. markagrensar, byfjellsgrensar).

15. Forslag til ordlyd i retningslinjene


I kommunal planlegging skal det i vekstsonene framgå ei overordna vurdering knytt til om landskapsøkologiske korridorar er ivaretatt i plan.

16. Styrking av samspelet mellom Regional vassforvaltingsplan for Hordaland og RATPB

Det er behov for å synleggjera tydinga av vassressursar i den kommunale planlegginga. Den regionale vassforvaltingsplanen for Hordaland vil vera eit viktig dokument over miljøtilstanden for vassressursane innanfor RATPB. Gjennom plan- og bygningslova er det høve til å setja miljøkvalitetsnormer på lokalt nivå og ein skal ta omsyn til vassressursar gjennom konsekvensutgreiingar på kommunalt nivå der dette er relevant. For å styrka samspelet mellom Regional vassforvaltingsplan for Hordaland og RATPB, føreslår vi følgjande ordlyd i ny retningslinje under avsnitt 6.4:

Fortettings-, nærings- og infrastrukturplanlegging skal ta omsyn til vassressursar (jf. Regional plan for vassforvaltning i Hordaland og vassforskrifta), og søka å gjera vassdragsressursane og tilhøyrande naturmangfald til ein positiv verdi i fortettings- og infrastrukturplanlegginga. Fortettings-, nærings- og infrastrukturplanlegging må bidra til å oppfylla miljømåla etter vassforskrifta.

17. Styrking av samspelet mellom Regionale strandsoneplanar og RATPB



Vi er klar over at det på regionalt nivå er utarbeidd egne planar for strandsona, men det er viktig at RATPB synleggjer at strandsona også er eit viktig omsyn i fortettings- og infrastrukturplanlegginga. I den samanheng vil vi visa til nasjonal målsetjing om å ivareta allemannsretten, og at det mellom anna er rapportert følgjande under tilstandsindikatoren for dette miljømålet: «*Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at om lag 31 prosent av Noregs strandsonereale var påverka av menneskelege inngrep ved inngangen av 2014. Trass i mindre bygging reduserast fortsatt dei delane av strandsona som ikkje er påverka av fysiske inngrep. Slike areal er viktige både for naturmangfaldet og for friluftslivet*». Generelt syner statistikken at det har vore ein nedgong i byggeløyver i strandsona i perioden 2000 til 2013. Det har også vore ein reduksjon i talet på byggjeløyver i strandsona i Hordaland frå 2009 til 2013.¹⁸

18. Vi føreslår følgjande ordlyd med framlegg om eit nytt avsnitt under 6.4: «Retningslinjer som gjeld for verneverdiar i regionale vekstsoner og utanfor vekstsonene»

Fortettings-, nærings- og infrastrukturplanlegging skal føregå med omsyn til allemannsretten. Til dømes skal ein i størst mogleg grad unngå fortettings- og infrastrukturplanlegging som hindrar allmenn ferdsle i kystsona.

19. Framlegg til avsnitt 3.4 og underavsnitt «Retningslinjer for statleg, fylkeskommunal og kommunal transportplanlegging»

Vi føreslår eit nytt punkt 21:

Eit viktig element i landskapsforvaltinga vil vera å samordna infrastruktur i størst mogleg grad. Regionale og kommunale myndigheiter skal i størst mogleg grad inngå dialog med andre sektormyndigheiter som har kompetanse etter andre sektorlover, i eit felles forsøk på å minimere arealinngrep og landskapsverknader i størst mogleg grad. Samordning kan til dømes skje ved at det i opent kystlandskap vert tatt felles forvaltingsgrep for å samlokalisere infrastruktur, t.d. sanering av luftlinjer, og kabling av kraftlinjer og framføring av ny transportinfrastruktur samordna.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

Nicolas Rodriguez
Sakshandsamar
Bergen og Hordaland Turlag

Oddvar Skre
Styremedlem
Naturvernforbundet Hordaland

¹⁸ Sjå SSB: <https://www.ssb.no/strandsone>